

Referat Styremøte 23/08

Til stede:

Oddmund Tjentland

Line Blomén Ridderström

Eivind Lie

Arne Kjærland

Oddgeir Nese

Siv Rosland

Sak 1: E-post

- Nybyrjarkurs
 - Oddmund har vore i dialog med Endre Vik Larsen frå NBF og han ønsker å bidra med dette.
 - Det er ønskelig at klubben følgjar NBF sitt kursopplegg til ein viss grad. Me kjem til å gjere justeringar nødvendig for vår klubb.
 - Eivind, Silje og Sunniva blir spurde om dei vil ta eit ansvar for dessa kursa med Eivind i spissen.
 - Sidan vi arbeid med ny hall blir det ikkje nye kurs før over nyår.
 - Eivind ryddar op i mail frå august angående nybyrjarkurs.
 - Hugs elles å «svare alle» når dokk svare på mail.

Medlemsmøte

- Det har vore ønskelig at fleire medlemmar stillar op på konkurranse, både i og utanfor klubben
- Det blir innkalla til eit møte som er oppe for alle medlemmar
- Det blir ein sosial samankoks me pizza kor medlemmane kan spørje dei erfarne i klubben kva enn dei måtte ynske
- Samlinga vil finne sted mandag 1. oktober kl 19:00. Oddgeir send innkalling, Arne send vidare på mail.

Økonomi

- Det vart eining om å sletta gamle purringar (2 eller fleire purringar).
- Dei aktuelle som ikkje har betalt årsavgift blir kontakta.
- Premier for kveldsstemna blir som følgjer:
 - 1. 50.-, 2. 35.-, 3. 20,- (per stemne)

Approbasjon stemmer

- Line approberer stemne
- Helgestemner utgår fram til den nye hallen er ferdig

- Kveldsstemner kvar onsdag utanom når Stavanger har stemne og Las Vegas.
- Det blir to 60 pils konkurransar for kvar 30 pils
- Oddmund foreslår nye stemneformar i hallen
 - Dei skal bli strøyma online på Facebook blant anna
 - Me ska ha ein Vegas style shutdown
 - Kings of Kleppe er foreslått som eit innviingsstemne av den nye skytehallen.
 - Dette blir den 28-29 desember.
 - Me lager eigne regler for klassane (alle skyt mot alle)
 - Annakvar WA/alternativt etter nyttår
 - Me skal støtte opp om Stavanger sine kveldsstemner

Presseomtale

- Oddmund hadde eit intervju med jærradioen, det kjem på lufta om 2 veker
- Eivind skriv reportasjar frå NM og store internasjonale konkurransar

Tilstedeværelse under NM (premieutdeling)

- Generell konsensus om at man ska vere på utdelinga under NM
- Ved spesielle tilfelle kan dei aktuelle få ei munnleg beskjed
- Elles kan man sjå at spesielle tilfelle skjer
- Me vil koma med eit tingforslag om gjennomføring av NM

Søknad NM 3D

- Kleppeloen
- Me ønske å kombinere eit NM 3D med NM veka i Rogaland
 - Me ser eit stort potensiale for gratis PR, og ein stor rekrutteringsarena ved eit slikt arrangement
 - Frist for søknad er 30. august
- Banen vil bli oppe for alle å kome og sjå på og prøve bogeskyting
- Eivind og Oddmund bufarar løype på laurdag
- Nokre dyr må kjøpast inn, men dei fleste har oss allereie i klubben
- Oddmund skriv søknad, Eivind les korrektur

Anna

- Felles transport til NM
 - Blir gitt beskjed om dette samtidig med påmelding
 - Arne lager forslag om dette